


Årsmelding for Stranda Idrottslag

2025





Organisasjon og styresamansetjing



Hovudstyret

Det overordna ansvaret for idrottslaget i si heilheit. Hovudstyret er møtepliktige på årsmøter og samarbeidsutval. Hovudstyret kan bli innkalla dersom arbeidsutvalet meiner dette er naudsynt ut frå enkeltsaker.

Arbeidsutvalet

Har ansvar for den daglege drifta av idrottslaget og er den høgste styresmakta mellom årsmøta.

Undergruppene

Har eige styret med ansvar for eigen økonomi, organisering av aktivitet, saker som tilfaller gruppa si særskilde idrettsgrein og treningsavgift. Gruppene kan ikkje forplikte seg økonomisk der det er fare for å negativt råke idrottslaget sin økonomi.

Medlem av AU og roller:

- Joakim Nykrem - leiar/politiattestansvarleg
- Linda Bjørdal - medlemsansvarleg
- Dominika Espelund - økonomiansvarleg
- Knut Einar Langlo - barneidrettsansvarleg
- Pål Ringstad - styremedlem

Stranda Idrottslag består av følgjande aktive undergrupper:

- Fotball
- Handball
- Alpint
- Basketball
- Bordtennis
- Klatring
- Langrenn
- Gymleik
- Volleyball, ny 2025



Prosjekt og arbeid i regi av arbeidsutvalet

Møter

AU har gjennomført 10 møter der det har blitt behandla 58 saker, der 4 er satt på vent, 9 er er fortsatt under arbeid, og overført til 2026, mens resterande er ferdigstilt.

Det er gjennomført eitt samarbeidsutval og eitt årsmøte, samt to ekstra møter i hovudstyret. Dei ekstra møta vart gjennomført i samanheng med ny samarbeidsavtale med Sparebanken Møre. Det var godt oppmøte til dei to siste møta. Til samarbeidsutvalet og årsmøte var det dårleg oppmøte.

Prosjekt og anna arbeid

1. Lysløype Aust er ferdigstilt med oppgradert lysanlegg, Vest skal ferdigstillast medio 2026.
2. Det er signert ny samarbeidsavtale med Sparebanken Møre på vegne av heile idrottslaget. AU har arbeidd ein god del med denne avtalen både i forkant og etterkant.
3. Vi har starta å benytte fillagring i Hoopit for å unngå at viktige dokument, referat, rutiner mv. vert tapt, samt oppnå enklare fildeling med medlem.
4. Oppstart av ny gruppe, volleyball. I samanheng med dette er det oppretta rutine for nyetablering av grupper.
5. Utlevering av flyers i postkasser for å auke antal støttemedlem. Pga. tid vart vi dessverre ikkje ferdig med dette.



Informasjon, aktiviteter og prosjekt i regi av undergruppene

Stranda IL Alpin

Styresamansetning

Jørund Hagen - økonomi/leiar

Joakim Relling - foreldrekontakt

Kristian Mork - styremedlem

Renate S. Kaldhussæter - styremedlem

Geir Olav Waagsbø - materialforvalter

Kjetil Dalen - styremedlem

Jane Solheimsnes - styremedlem

Arrangement

Kretsrenn o.l.:

- Vi arrangerte KM i SL den 15.03.2025.
- Spjelkavik IL Alpin og Stranda IL Alpin arrangerte SL (renn 2) den 15.03.2025.
- Young Attacing Viking (YAV)/Minialperittet/Telenorkarusellen ble gjennomført den 15.02 og den 12.04.2025 (hhv > 140 deltakere og ca 70 deltakere).
- Planlagt kretstreninger i SG på Egga (Raudeløypa) ble avlyst pga snømangel.
- Planlagte kretstreninger på Strandafjellet i mai/juni ble avlyst pga snømangel.

Lokale renn:

- Stranda Cup ble ikke arrangert i 2024/25 sesongen.
- Klubbmesterskapet ble avlyst pga snømangel.



Treningsaktivitet og organisering

Vi har to treningsgrupper: ei i Mast 4-traseen og ei i Furset-traseen. Yngste trener kvar torsdag kveld, mens dei eldste trenar torsdag, fredag, laurdag og søndag. Eit godt sportsleg og sosialt tilbod i alpingruppa er viktig for rekruttering og trivsel.

I forkant av sesongen har klubben deltatt med alpinister på Juvass og i Snø-hallen. Dette har vore samlingar i regi av kretsen, og i samarbeid mellom klubbar. Barmarkstreninga vart avlyst ved inngangen til 2025-sesongen.

Ved sesongstart har den yngste gruppa hatt utfordringar med å etablere faste treningstider, noko som har ført til redusert oppmøte. Gruppa har no ca. 7–10 aktive løparar som deltek jamnleg på trening og konkurransar.

Til tross for dette har deltakelsen i YAV - arrangementer (Young Attacking Vikings) vore svært god. Klubben har også medlemmar ved skigymnas og utøvarar som driv alpint på Masters-nivå (veteran NM etc).

I tillegg deltek mange barn og unge på arrangementer som Young Attacking Viking og Minialperittet. For å kunne arrangere renn, aktivitetar og treningar har vi også mange engasjerte voksne medlemmar. Totalt teller klubben rundt 100 medlemmer.

Sportslege prestasjoner

I 2025 har klubben hatt en deltaker i hovedlandsfinalen og en deltaker i landsfinalen (Telenorlekene).

Eksempel på resultater lokalt:

- SMB cup totalt, og KM:
 - Julie Victoria Hole Hagen (U14): Nr 1 i SBM cup. KM mester i SL og GS.
 - Henriette Solheimsnes Hole (U16): Nr 1 i SBM cup. KM SL nr 1 og KM GS nr 2.

«Alpingymnas»

Stranda IL Alpin har følgjande løparar på vidaregåande skuler, landslinje for alpint:

- Jonas Gorm Hole Hagen f 2005: Oppdal Alpin elite (Trønderalpin fra 2024)
- Frida Kaldhussæter f 2006: Oppdal Alpin elite
- Ingrid Karoline Roald Myking f 2006: Tryvis alpin (Trysil v.g skole)
- Lisa Maria Hole Hagen f 2007: Oppdal Alpin elite



Stranda Idrottslag Årsmelding 2025

Resultat frå FIS (2024/25 sesongen):

- FIS punkt for Jonas pr dato: 30.46 punkt i GS og 32,70 punkt i SL.
 - Jonas korrigert pga skade/pause: 36 i GS og 52,07 i SL
- FIS punkt for Frida pr dato: 45.01 punkt i GS og 50,56 punkt i SL.
- FIS punkt for Ingrid pr dato: 52.10 punkt i GS og 32,94 punkt i SL.
- FIS punkt for Lisa pr dato: 81,26 punkt i GS og 89,53 punkt i SL



Foto: Jan-Arild Johansen



Stranda bordtennis

Styresamansetning

Jakob Skog - styreleiar

Henrik Langlo - nestleiar

Vincent Georges - styremedlem

Treningsaktivitet og organisering

Regelmessig treningar to ganger per veke. I april/mai vart det gjennomført opp til fire treningar per veke.

Eit lag/gruppe med jenter og gutar. Nedgang under hausten, rundt 8 barn som deltek per tid. Tidlegare rundt 10-12 stk. Kun ein trenar, men får litt hjelp av foreldre med sparring.

Arrangement

- Deltakelse i bedriftsidrettsfestivalen som resulterte i 1. plass blant 24 lag.
- Arrangerte regionsamling saman med Norges bordtennisforbund og skuleturnering.
- Deltok i midtnorsk mesterskap i Molde
- Deltok i Tingvoll på regionsamling i lag med ungdommen.
- Deltok i 4. divisjon, og har i den forbindelse reist til Molde og Tingvoll i løpet av hausten for å konkurrere.



Stranda Idrottslag Årsmelding 2025

Skuleturnering i Strandahallen



Vinnarar av bedriftsidrettsfestivalen 2025



Gymleik

Ansvarlege/trenarar

Kristoffer Fauske Helgås
Anette Skarbø Støverstein
Linda Emdal

Treningsaktivitet og organisering

1x trening for kvar gruppe pr. veke

2 grupper.

20/21: 30 medlemmar

22/23: 10-15 medlemmar.

Stor variasjon på antal som møter. Nokre veker blir det ikkje trening fordi det er få, og nokre gongar er vi 15 barn.



Langrennsgruppa

Styresamansetning

Martin Espelund - styreleiar

Martin Kristoffersen - nestleiar

Maria Tryggestad - styremedlem

Jan Erik Westerås - styremedlem

Treningsaktivitet og organisering

Telenorkarusellen og skileik på mandagar. Aukande trend mpt. deltakelse. Gjennomført 5-6 renn med ca. 50 deltakarar i Telenorkarusellen på tross av snøutfordringar. For skileik har ein forsøkt å engasjere eksterne med ansvar for gjennomføring, samtidig har det opparbeida seg ei fast gruppe som deltek jamt på dette, totalt 20-25 utøvarar.

Ca. 10 frivillige frå foreldregruppa har bidratt undervegs i sesongen med kiosk, vaffelsteiking, rydding og vasking av langrennshytta. Under Roalden opp var det ca 20 stk. som deltok som frivillige.

Arrangement

- Langrennsdisco: Gjennomført i vinterferien med stor suksess, ca 70 deltakarar bestående av foreldre, barn og hyttefolk.
- Rulleskiskule: Eksterne frå skikretsen gjennomførte rulleskiskule Fleire deltakarar vart med undervegs, totalt ca 20 deltakarar. Populært arrangement som skal gjentakast.
- Roalden Opp: Til tross for utfordringar med kast opp mot orkan styrke så vart det totalt 70 deltakarar på arrangementet. Vidareutvikling av Roalden Opp er under arbeid, og skal arrangerast også i 2026.



Investeringar

Det er gjort ein del investering i nytt utstyr som lyspucker, ledslynge. som skal nyttast både under skileik og arrangement. Tildelte Teftmildlar vart brukt for å kjøpe inn orgeltramp og hopp.





Stranda Basketball

Styresamansetning

Povilas Stockus - styreleiar

Marius Martinsen - styremedlem

Treningsaktivitet og organisering

Etter fleire år med kun aktivitet på seniornivå starta basketball opp i 25/26-sesongen med barneidrett for alle mellom 7-16 år. Dette har vore stor suksess. Hovudsakleg er all aktivitet i Strandahallen.

Trening for 13-16 er ein gong pr. veke med 13 utøvarar, mens 7-12 år har to treningar med 29 utøvarar. Senior har 13 utøvarar, men det er varierende i kva grad alle er aktive.

Investering

- Nye draktsett sponsa av Sparebanken Møre
- Nye basketballer
- Nye basketkorger i gymsalen til Ringstad Skule, og i Strandahallen



Stranda Handball

Styresamansetning

Linn Christin Vågsæther - styreleiar

Joakim Høgset Hove - styremedlem

Elisabeth Vågsæther - styremedlem

Josefine Blindheim - styremedlem

Trond Otto Berg - styremedlem

Treningsaktivitet og organisering

Handballen hadde totalt 227 medlemmar ved utgangen av 2025. fordelt på:

- 103 medlemmar i aldersgruppa 6–12 år
- 61 medlemmar i aldersgruppa 13–19 år
- 63 medlemmar frå 20 år og oppover

Per dags dato har laget 12 aktive lag, med eit støtteapparat bestående av 33 trenarar og 11 lagleiarar. Vi nyttar i stor grad dei eldste spelarane som hjelpetrenarar for dei yngre laga, noko som både styrkjer det sosiale miljøet og bidreg til kompetanseutvikling internt i klubben. Handballgruppa vår opplever stabil rekruttering, noko som gir eit godt grunnlag for vidare utvikling. Dette tyder på at vi lukkast med å skape eit inkluderande og trygt miljø der barn og unge trivst. For å halde fram denne utviklinga er det viktig å ha fokus på gode treningsopplevingar, meistring og sosial tilhøyrslø. Samstundes må vi arbeide for å halde på spelarane over tid, særleg i overgangar mellom aldersklassar. Med engasjerte trenarar og god synlegheit i lokalmiljøet har vi gode føresetnader for å sikre både rekruttering og aktivitet i åra som kjem.



Stranda Idrottslag

Årsmelding 2025

Arrangement

- Kast ballen: gjennom Kast ballen har vi vore ute i barneskulen for å rekruttere nye spelarar og gi fleire høve til å prøve handball.
- Hamar-Cup: I 2025 deltok alle ungdomslaga våre på cup på Hamar, noko som vart ein vellukka tur både sportsleg og sosialt. Vi satsar på å reise til Trondheim i 2026.
- Avkast: Vi har òg arrangert Avkast, der dei yngste fekk delta på handballøker, og der det vart spelt ein straumkamp mellom dei to seniorlaga.
- Miniturnering: I tillegg har vi arrangert miniturnering for dei minste laga, der andre klubbar deltok og bidrog til gode kampar og fint samspel.
- Handballskule: I vinterferien gjennomførte vi handballskule for dei minste laga, som skapte stort engasjement og idrettsglede.



Stranda Handball

"Samarbeidet med Sparebanken Møre er veldig godt synes vi. Da vi var på klubbturn var det gratis billetter til alle.

Én ting er sponsoravtalen og TEFT-midler vi har fått, men også andre ting. Så vi er veldig fornøyd."

- Joakim Hove, Sportslig leder Stranda Handball

Din bank på heimebane.





Stranda Fotball

Styresamansetning

Astrid Elin Håseth – styreleiar

Torbjørn Langlo – nestleiar

Tonje Årvik – kvalitetsklubbleiar

Endre Kjølås - sportsleg leiar

Siw Linda Kvame – samfunn og verdileiar

Nils Erik Espelund - bane og anleggsleiar

Kristoffer Nitter Joranger – økonomileiar

Espen Hove – kommunikasjonsleiar

Treningsaktivitet og organisering

Stranda fotball består av:

- Styret
- 6 undergrupper
- 34 lag påmeldt i seriespel
- 310 aktive medlem
- 80 trenarar/lagleiarar
- 30 tillitsvalgte

Mona stadion er mykje brukt av barnehagar, grunnskulane og dei vidaregåande skulane. Om lag 1200 personar er i sving kvar veke på Stranda Stadion i kjernesesongen frå april til oktober.

- 75% deltakelse i barnefotball
- 65% deltakelse i ungdomsfotball



Stranda Idrottslag

Årsmelding 2025

Arrangement

- Fotballskule
- Miniturnering
- Mesternes mester
- Minst ein heimekamp i gjennomsnitt kvar dag gjennom heile kjernesesonen. På alle heimekampar vert hovudsponsor promotert gjennom speaker.
- Kjerneaktivitet med over 30 treningar på ulike nivå kvar veke.
- Ekstra aktivitet. Keepertrening, utviklingslaurdag m.m.

Investeringar

- Nytt miljødekke på hovudbana, Stranda Stadion
- Aktivitetsparken/ballbingane for barn
- Nye logoer til hovudsponsoren lett synleg på stadion.





Stranda Volleyball

Styresamansatning

Gaby Habostad - styreleiar
Marte Karoline Langlo - sekretær
Tina Elisabeth Jøsok - økonomiansvarleg
Mari Gjørva - styremedlem
Linda Emdal - styremedlem
Connie Hoel - varamedlem

Treningsaktivitet og organisering

- Antal lag: 3
- Damelag - 34 aktive spelarar
- Herrelag - 19 aktive spelarar
- Ungdomslag - 13 aktive spelarar
- Stranda Volleyball er eit heilt nyoppstarta
- tilbod på Stranda og har det siste året hatt
- stor vekst.
- Oda Skarland Fiskum er frivillig trenar for
- damelaget og ungdomslaget.

Volleyball starta opp i 2025, etter ein såg ein stor interesse for volleyball generelt, etter ei tid såg vi både på herretrening og dametrening at fleire ungdommar var interesserte, og møtte opp til trening. Vi tok derfor initiativ til å starte opp med ungdomstrening på Ringstad skule, noko som har vore stor suksess, og ein har no eit heilt nytt tilbod til ungdommane i kommuna.

Både damelaget, herrelaget og ungdomslaget trenar ein gong i veka. Planen for sesongen 26/27 er at damelaget skal spele seriespel. 16 spelarar frå damelaget har ytra interesse for å delta på seriespel. For ungdomslaget er det tenkt å melde på minst eit lag til turnering (ei helg). Vi er i dialog med Volda volleyball som er ein av dei leiande klubbane innan volleyball i fylket. Dei arrangerar ulike aktivitetar gjennom heile sesongen, og skal halde oss oppdaterte på aktuelle arrangement. Herrelaget ynskjer ikkje seriespel, og det er meir usikkert kor mange aktive spelarar dei blir. Planen er at herrelaget skal spele ei turnering i løpet av hausten -26, dersom dei er nok spelarar. Nokre av dei mest aktive herrespelarane er vidaregåande-elevar og flyttar etter sommaren.



Stranda Idrottslag

Årsmelding 2025

Arrangement

Etersom Stranda Volleyball er relativt nyoppstarta har vi ikkje tidlegare delteke på arrangement eller spelt kampar hittil. Alle arrangement spelarane har delteke på har vore via bedriftsidretten. Planen er å arrangere volleyballturnering i Strandahallen til hausten 2026.

Investeringar

Vi er i dialog med Intersport Stranda, som har vore i kontakt med leverandør for å kunne tilby oss volleyball-drakter og shortsar til kampar og turneringar. Det skal kjøpast inn drakter til alle 3 laga, og vil ha relevant SBM-logo.




Foto: Damelaget i sving mot Vestborg VGS



Medlemstal og rekruttering

Det var i 2024 registrert 653 betalende medlemmar i SIL. Antallet for 2025 har auka til 702 betalende medlemmar, som tilsvarar ei auke på 49 medlem. Av desse er 534 utøvarar, 87 med frivillig verv, og 132 støttemedlem. Enkelte medlem har fleire roller, og derfor vil summen av utøvarar, frivillige og støttemedlem avvike frå antal betalende medlem. I idrettslaget er det 795 medlem totalt pr. 2025, dette vil seie at vi manglar 93 innbetalingar for medlemskontingenten i 2025.

Alder-kjønn statistikk (medlemmer)



Bilde 1: Medlemstal fordelt på kjønn og alder for 2025

Som skrive over har AU initiert utlevering av “flyers” i postkasser til alle i Stranda tettstad på slutten av året for å forsøke å auke medlemstala. Dette kan potensielt hjelpe på med å skaffe støttemedlem, som er kjærkomment for idrettslaget. Vidare vurderer AU at det er viktig å ha fokus på antal betalende medlem ettersom dette gir gevinstar i form av lokale aktivitetsmidlar, og eventuelt på sikt også for andre overføringar frå NIF og/eller stat.



Bilde 2: Fordeling av betalende medlem ut frå rolle for 2025



Demografien i Stranda kommune, og tettstad, vil i framtida vri seg mot å innehalde fleire eldre, enn unge. Dette gjer idrettslaget til ein viktig bidragsytar for å motverke trenden gjennom å engasjere frivillige, rekrutter nye medlem og tilby attraktive tilbod som skaper trivsel og bulyst i lokalsamfunnet. Det er derfor enda viktigare enn før at undergruppene er synlege i lokalsamfunnet, slik alle kjenner til tilboda som finst.

2025 var eit år der kostnadar auka generelt, som har gjort at fleire ikkje har råd til å delta på grunn av økonomi. Gjennom ny samarbeidsavtale med Sparebanken Møre kan ein no tilby aktivitet uten treningsavgift for dei yngste alderskulla, dette vil gjelde for fotball og handball komande sesong. Hovudlaget står også i posisjon med øyremerka midlar for å bidra til inkludering med blant anna solidaritetsfondet frå avtalen med Sparebanken Møre.

Det viktigaste er uansett å understreke det arbeidet som vert gjort av aktive og frivillige, her er det fleire som fortentar honnør for sin innsats og framifrå resultat over tid. Mange ofrar time på time for å sørge for at aktiviteten, tilboda og kvaliteten i idrettslaget er på eit høgt nivå. Vi er heilt avhengig av desse eldsjelene og SIL ønsker å takke alle for dette arbeidet, samt alle bidrag frå store og små.

Målsetning og arbeid vidare

Idrettslaget skal arbeide for å skape gode rammer som fremjar aktivitet, meistring og idrettsglede for flest mogleg – lengst mogleg. Dette gjer vi gjennom støtte til undergruppene, ryddig drift og opne haldningar til nye aktivitetar.

Hovudmål

«Stranda IL skal skape inkluderande og trygge rammer som stimulerer til aktivitet, meistring og idrettsglede, med særleg vekt på tilbod for barn og ungdom»

Arbeid for å nå målet

- Støtte dei aktive gruppene i utvikling av aktivitetar, framtidige prosjekt og planar.
- Vere opne for nye aktivitetstilbod som skil seg frå tradisjonelle lagidrettar, for å nå nye målgrupper og rekruttere medlemmar med andre interesser. Dette kan til dømes vere brettkøyring, surfing, skating og e-sport.
- Sikre god oppfølging av medlemsregisteret, og sørgje for at medlemmar betaler kontingent og avgifter til rett tid.
- Halde låge kontingentar og avgifter, slik at flest mogleg kan delta.
- Utnytte synergjar mellom undergruppene, for å redusere kostnader og administrasjon og frigjere ressursar til meir aktivitet.



Stranda Idrettslag Årsmelding 2025

- Lytte til nye idear knytt til organisering, praksis og vidare utvikling av laget.
- Samarbeide på tvers av undergruppene og opptre solidarisk for å skape eit sterkt og samla idrettslag.

Økonomi

Rekneskapen til idrettslaget vert ført av Økonsult, medan Robust er revisor.

Stranda IL	2025	2024
Inntekter	4.400.215 kr	3.887.214 kr
Utgifter	4.131.694 kr	3.587.217 kr
Resultat	268.521 kr	299.997 kr

Driftsinntektene i 2025 har auka med 11 % samstundes som at driftsutgiftene har auka med 13 %. Rekneskapen viser eit positivt resultat for 2025 på 268.521 kr, noko som er ein liten nedgang frå 2024. For undergruppene og hovudlaget samla sett syner det ei stabil utvikling, trass i at utgiftene har auka noko meir enn inntektene, samanlikna med 2024. For undergruppene vert det fortsatt arbeidd godt med den økonomiske delen av drifta. Sjå oppsummering for dei enkelte gruppene under.

	2025	2024
Friidrett (inaktiv)	-564,00 kr	-6 205,00 kr
Bordtennis	17 092,00 kr	466,00 kr
Fjelltrimmen	243,00 kr	-2 923,00 kr
Klatring	32 341,00 kr	20 426,00 kr
Langrenn	32 660,00 kr	37 807,00 kr
Basketball	-26 496,00 kr	34 736,00 kr
Volleyball	511,00 kr	0,00 kr
Fotball	46 824,00 kr	102 180,00 kr
Alpint	55 974,00 kr	2 988,00 kr
Handball	79 467,00 kr	62 264,00 kr
Resultat	238 052,00 kr	251 739,00 kr

Samla sett syner årsrekneskapen til at Stranda idrettslag har ein sunn og stabil økonomi, også i 2025.

Leiar Stranda IL
Joakim Nykrem